


PLAN FOR TRAFIKKSIKKER SKOLE

Oltedal skole






Innleiing

Dette heftet er ein plan og ein informasjon for korleis Oltedal skole sine rutinar er i forhold til trafikksikkerheit og opplæring. Målet til skolen er at elevene skal vere trygge til og frå skolen, men også på turar i skoletida. Skolen skal vere med på å gjere elevane trygge og sikre i trafikken, og skal førebu dei på livet etter skolen, der dei sjølv skal ta ansvar for eige og andres liv.

Haldningar til sikkerheit i trafikken dannast tidleg, og opplæring i trafikk er difor eit viktig verkemiddel for å redusere ulykkesrisikoen hos barn og ungdom. Opplæringa dei får i barne- og ungdomsskolen skal gjere dei bevisste på kva det betyr i praksis å vere ein hensynsfull, oppmerksom og forsiktig trafikant.

Skolen kan ikkje gi garantiar for at ulykker ikkje skjer, men gjennom trafikksikkerheitsarbeidet i opplæringen kan vi bidra til å førebyggje at det skjer. Elevane skal kunne vurdere trafikkforhold og vite kva dei bør gjere for å unngå ulykker. I tillegg skal opplæringa gi dei kunnskap om sikre kjøretøy, rutiner ved ulykker og livreddande førstehjelp.





TRAFIKKSIKKERHEIT I SKOLEN

- Skolen, i samarbeid med FAU anbefaler at elevane syklar/sparkesyklar til skolen frå dei går i 5.klasse.
- Skolen har eige område for sykkelparkering og bilparkering.

Standard for transport av elevar i bil/buss.

Kollektiv transport av elevar:


- Skolen innhenter samtykke frå alle foreldre kvar haust om dei ønsker at barnet skal nytte kollektiv transport.
- Alle elevane skal bruke belte når dei kjører buss.
- Ved bruk av rutebuss skal skolens busskort nyttast.
- Dersom det er mange elevar som skal nytte rutebussen skal det informerast om dette til busselskapet.
- Enkeltelevar som skal på hospitering o.l. skal skolen dekke transport. Eleven må vise kvittering.

Transport av elevar i privatbil:

- Kvar gong skolen brukar foreldre som sjåførar eller andre tilsette må dette innhentast samtykke frå føresette.
- Skjemaet sendast ut via Visma-min skole og foreldrene gir samtykke der. Foreldre gir tilbakemelding dersom det ikkje blir gitt samtykke.

Retningslinjer for sykkelturnar i skolens regi.

1. Det skal setjast opp skilt om elevsykling på aktuelle plassar langs sykkelvegen.
2. Alle må ha hjelm. Skolen har lånehjelm
3. Alle skal ha på seg refleksvestar. Både elevar og vaksne. Vi har nok til eit heilt trinn. (ca.50 stk)
4. Når ein klasse syklar, skal det alltid vera to vaksne med. Først og sist.
5. Når fleire klassar syklar skal det vera tre vaksne med. Først, sist og i midten.
6. Elevane skal sykle på rekke. Ingen skal sykle i bredden.



7. Vi stoppar ofte for ikkje skape strekk i feltet. Den som sykklar først vel stoppeplassar der heile gruppa kjem ut av vegbanen.
8. Ingen elevar får sykle åleine i front.
9. Dei elevane som har reservert seg frå å sykle med skolen, må skolen frakte ut med bil.
10. Lærar skal ha med førstehjelpsutstyr, mobil og klasseliste.

Rutinar for sikkerheit på tur.

[Rutinar for turar og ekskursjonar](#)


TRAFIKKOPPLÆRING I SKOLEN

2.trinn

Fag:	Kompetansemål:	Temaplan og aktivitet:
Kroppsøving	Øve på trygg ferdsel i trafikk	<u>Uteaktivitetar og naturferdsel:</u> Gå løype for 2. klasse - med fokus på skilt og regler. Trafikkbok

4.trinn

Fag:	Kompetansemål:	Temaplan og aktivitet:
Kroppsøving	Forstå og følgje reglar i trafikken.	<u>Uteaktivitetar og naturferdsel:</u> - Sykkelløype i skulegarden 4. klasse vår Trafikkbok
Krle	Identifisere og reflektere over etiske spørsmål	<u>Filosofi, etikk og livssyn:</u> Bruk av hjelm



5.trinn

Fag:	Kompetansemål:	Temaplan og aktivitet:
Kroppsøving	Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel..	<u>Uteaktivitetar og naturferdsel:</u> - Sykkelopplæringsdag.

7.trinn

Fag:	Kompetansemål:	Temaplan og aktivitet:
Kroppsøving	Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel..	<u>Uteaktivitetar og naturferdsel:</u> Limavatnet rundt
Samfunnsfag	Gi døme på kva lover, reglar og normer er og kva slags funksjon dei har i samfunn, og reflektere over konsekvensar av å bryte dei.	<u>Lovar, reglar og normer:</u> Limavatnet rundt

SAMARBEID MELLOM SKOLE OG HEIM

- Trafikk er eit årleg tema på foreldremøtene. Sjå [foreldremøteplanen](#)
- Trafikk er eit årleg tema i FAU. Sjå [årshjul](#)